



Saksbehandlar: Øystein Hunvik, Eva Fosshagen og Inge Horstad, Samferdsleavdelinga
 Sak nr.: 15/8257-5

Søknad om nye ruteløyve for Nordfjordekspressen og Møreekspressen
::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

Fylkesdirektøren rår Hovudutval for Samferdsle (HS) til å gjere slikt vedtak:

1. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo.
2. Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve på strekninga Hareid – Oslo.
3. Eksisterande ruteløyve på dei same strekningane fell bort frå 01.01.2016 (14 06 2016, 14 06 2026 og 15 06 8504)
4. a) Løyva gjeld i 10 år frå 01.01.2016 til 01.01.2026.
 - b) Krav om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldane regelverk.
 - c) Forslag til ruteplan i søknad av 20.08.2015 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.
 - d) Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jf. rundskriv N-2/2006.
 - f) Det skal ikkje utførast lokal persontransport i Møre og Romsdal.
 - g) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.
 - h) Løyvehavar skal kun bruke hovudvegnettet i Oslo og ikkje sentrumsgatene.
 - i) Løyvehavar må inngå avtale med Akershus Kollektiv Terminaler om bruk av bussterminalen.
5. Ordninga med tapskompensasjon på Nordfjordekspressen som vart gjeve i samband med HS-sak 11/14 fell bort.

::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑

... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓

Vedlegg:

Søknad frå Nettbuss Ekspress

Andre dokument som ikkje ligg ved:
 HS-sak 11/14

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Nettbuss Ekspress driv begge dei kommersielle ekspressrutene Nordfjordekspressen og Møre-ekspressen.

Begge rutene slit med marginale driftsmarginar og det er behov for å gjere grep for å sikre levedyktige ruter for framtida.

Det vert no søkt om å legge om begge desse rutene. Omleggingane er til dels omfattande. På Møre-ekspressen vert det søkt om å forlenge ruta frå Ulsteinvik til Hareid, i tillegg er det ynskje om å setje inn ein ekstra avgang som skal korrespondere med Nordfjordekspressen i Stryn. For Nordfjordekspressen vert det søkt om å få legge ned ein avgang kvar veg, samt å justere rutetidene på dei andre avgangane.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Nettbuss Ekspress søker om å få fornya ruteløyva sine mellom Måløy – Oslo og Ulsteinvik- Oslo. Samstundes vert det søkt om å justere rutene. Møre-ekspressen vert søkt utvida frå Ulsteinvik til Hareid, vidare er det ynskje om å etablere ein ny avgang Hareid – Stryn i korrespondanse med Nordfjordekspressen. For Nordfjordekspressen vert det søkt om å få legge ned ein dagavgang i kvar retning samt justere rutetidene på dei andre avgangane.

Det er sendt ut høyringsbrev til Møre og Romsdal, Oppland og Oslo.

Historikk - tidlegare vedtak

Mørebil og Nordfjord og Sunnmøre Billag utvikla i si tid dei fylkeskryssande bussrutene frå Sunnmøre og Måløy, gjennom Gudbrandsdalen til Oslo. Tidene endrar seg og mange fylkeskryssande bussruter slit økonomisk.

Oppkjøp av rutebilselskap gjer at Nordfjordekspressen og Møre-ekspressen no vert drifta av same eigar - Nettbuss Ekspress. Felles operatør på begge rutene opnar for å sjå rutene i samanheng og optimalisere drifta.

Nettbuss Ekspress søkte i 2014 om å få gjere endringar på Nordfjordekspressen. Endringsforsлага gjekk på å legge ned rutestrekka Måløy – Nordfjordeid på trafikksvake avgangar. Hovudutval for samferdsle i Sogn og Fjordane (HS) avslø denne søknaden. Resultatet vart at Nettbuss kravde tapskompensasjon som følgje av at dei då vart pålagd å drive avgangar med tap. Nettbuss fekk i 2014 innvilga kr 930 000 i tapskompensasjon som følgje av vedtak i HS-sak 11/14.

Søknaden frå Nettbuss Ekspress

Det vert søkt om å:

- Slå saman Møre-ekspressen og Nordfjordekspressen slik at dei utfyller kvarandre på ein betre måte enn i dag
- Møre-ekspressen er i dag ei nattrute. Det vert sett inn ein ekstra avgang frå Sunnmøre til Stryn i korrespondanse med dagruta til Nordfjordekspressen. Dette gjev eit nytt dagsamband frå Sunnmøre til og frå Stryn/Oslo.
- Møre-ekspressen får ny endestopp på Hareid i staden for Ulsteinvik.
- Tal rundturar Måløy – Oslo – Måløy vert redusert frå tre til to. Den eine dagruta fell bort.

- Fleire av dei andre avgangane på Nordfjordekspressen får justert rutetidene noko.
Avgangen Måløy – Oslo vert flytta frå kl. 07.20 til kl. 10.10.

Ruteløyva Nettbuss Ekspress har i dag har ulik dato for utløp av gyldigheita, høvesvis 31.12.2015 og 31.05.2017. Dei gamle løyva fell bort samstundes som nye vert sende ut.

Klipp frå søknaden:

I den nye ruteplanen har vi tilstrebet så langt det lar seg gjøre å opprettholde korrespondanser med båt og buss på viktige knutepunkt som Måløy, Eid, Stryn og Ørsta/Volda. Tabellen under viser foreløpig skisse til ruteplan for det kombinerte tilbuddet:

| NX146 : Hareid - Oslo \ Måløy - Oslo | | | | NX146 : Oslo - Hareid \ Oslo - Måløy | | | |
|--------------------------------------|-------|-------|-------|--------------------------------------|-------|-------|-------|
| Hareid | 09:55 | 21:00 | | Oslo | 09:30 | 22:00 | 22:00 |
| Ullsteinvik | 10:15 | 21:20 | | Til Kvam | 13:45 | 02:55 | 02:11 |
| Volda | 11:10 | 22:15 | NX1 | Fra Kvam | 14:30 | | 02:51 |
| Måløy | 10:10 | 21:10 | NX2 | | | | |
| Til Eid | 11:15 | 22:10 | | Til Stryn | 17:55 | 06:00 | 06:00 |
| Fra Eid | 11:25 | 22:15 | | Fra Stryn | 18:05 | 17:55 | 06:10 |
| Til Stryn | 12:00 | 12:10 | 23:05 | Til Eid | 18:50 | | 06:57 |
| Fra Stryn | 12:20 | 23:10 | 23:05 | Fra Eid | 19:00 | | 07:02 |
| Til Kvam | 15:45 | 02:08 | 02:08 | Måløy | 20:00 | | 08:05 |
| Fra Kvam | 16:30 | 02:43 | 02:43 | Volda | | 18:50 | 06:55 |
| Oslo | 20:45 | 06:40 | 06:43 | Ullsteinvik | | 19:55 | 08:00 |
| | | | | Hareid | | 20:10 | 08:15 |

Dette ruteopplegget innebærer følgende endringer for NX147 (Nordfjordekspressen):

- Morgenavgangen fra Måløy kl. 07:20 til Oslo endres til kl. 10:10
- Nattavgangen fra Måløy kl. 21:05 til Oslo endres til kl 21:20
- Morgenavgangen fra Oslo kl. 09:30 til Måløy endres til kl. 09:45
- Nattavgangen fra Oslo kl. 22:00 til Måløy forblir uendret

For NX145 (Møre-ekspressen) medfører dette ruteopplegget følgende endringer:

- Nattavgangen fra Ullsteinvik kl. 21:15 vil starte kl. 21:00 fra Hareid
- Nattavgangen fra Oslo kl. 22:00 vil gå til Hareid
- Ny avgang kl. 09:55 fra Hareid til Stryn med overgang til Oslo
- Ny avgang kl. 18:05 fra Stryn til Hareid med overgang fra Oslo

I utgangspunktet vil dette rutetilbuddet gå likt hver dag året igjennom med mindre justeringer for høytider. Ettermiddagsavgangene fra Måløy kl 12:35 og Oslo kl 15:30 bortfaller, men det kan være aktuelt å kjøre disse og andre ekstraavganger i høytrafikkperioder som påske, sommer og jul. Vi ønsker derfor å kunne stå fritt til å tilpasse rutefrekvensen etter behov.

Omleggingen medfører ingen endring av trasé og stoppmønster. Dagens kundekategorier og dynamiske prising vil også bli videreført, og vi ønsker derfor som vilkår at løyvehaver selv bestemmer takster, rabattbestemmelser og betingelser. Vi ønsker også å videreføre avtalen vi har med Sogn og Fjordane fylke om delvis kostnadskompensasjon.

Endringene er ment å gjelde fra 1. januar 2016.

Lokalrutefunksjonar

Når kommersielle ruter vert nedlagde eller lagde om får dette og konsekvensar for lokalrutetilbodet. I tabellen under er funksjonane til dei berørte avgangane omtalt.

Endringar i lokalrutetilbodet på grunn av endringar ved Nordfjordekspresen

| Rutestrekning | Kl. | Dag | Merknad | Konsekvens for dei reisande |
|---------------|-------|-----|--|---|
| Måløy - Stryn | 07.20 | D | Ruta er foreslått flytta til kl. 10.10. | Dette gjer at korrespondansen på Eid kl. 08.45 til Førde og Sogndal fell bort. Reisande mellom Eid og Stryn får endra rutetid. Skuleruta frå Måløy kan framskundast 10 minutt, men dette vil gje elevane ekstra reisetid. Fylkeskommunen må enten sette inn ekstra ruteproduksjon, akseptere lenger reisetid for elevane eller manglande korrespondanse til Sogndal og Førde. |
| Eid - Stryn | 11.15 | D | Endra rutetid frå Måløy kl. 07.20 til kl. 10.10 gjer at lokalrute Eid kl. 11.15 til Stryn vert overflødig. | |
| Måløy - Stryn | 12.40 | D | Denne avgangen er foreslått nedlagt. | Reisande med snøggbåt frå Bergen misser samband til Nordfjordeid og Stryn. Korrespondansen på Nordfjordeid med Fjordekspresen fell bort. Korrespondanse med lokalrute til Byrkjelo i Stryn fell bort. Dei reisande mellom Måløy og Stryn får ein avgang mindre. Fylkeskommunen må vurdere å gå inn med lokalrute Måløy til Eid. |
| Måløy - Stryn | 21.05 | D | Vert foreslått endra til kl. 21.20. | Dette vil gje betre samband med snøggbåten frå Bergen. Ingen konsekvensar for publikum. |
| Stryn - Måløy | 18.05 | D | Endra til frå kl. 18.05 til kl. 17.55. | Få konsekvensar for dei reisande dersom rutene vert justerte for å ivareta korrespondansane. |
| Stryn - Måløy | 23.45 | D | Ruta vert foreslått nedlagt. | Ruta har lite lokaltrafikk grunna at ruta går på natt i Sogn og Fjordane. |

Dersom fylkeskommunen vil oppretthalde eit like godt lokalrutetilbod som vi har i dag, vil dette koste fylkeskommunen om lag 0,45 mill. kr.

3. Andre opplysningar

Tapskompensasjon – Pålegg om å oppretthalde ruter, HS-sak 11/14

HS avviste i 2014 ein søknad frå Nettbuss Ekspress om å innstille enkelte avgangar mellom Måløy og Eid, sjå HS-sak 11/14. Konsekvensen av dette vart at Nettbuss hadde krav på ein kompensasjon for dei avgangane dei vart pålagde å utføre. Nettbuss fekk med heimel i yrkestransportforskrifta § 33, ein tapskompensasjon på kr 930 000 pr. år.

Søknaden frå Nettbuss Ekspress inneber høvesvis store endringar. Ved å imøtekome endringsforsлага i denne saka, vert Nettbuss Ekspress løyst frå pålegget i HS-sak 11/14 om å halde fram noverande produksjon. På denne måten fell grunnlaget om tapskompensasjon etter yrkestransportforskrifta § 33 bort. Fylkesdirektøren kan med andre ord ikkje vidareføre ordninga med tapskompensasjon.

Fylkeskommunale takstar og stoppmönster

Det har vore praksis at alle fylkeskryssande ruter som går gjennom Sogn og Fjordane nyttar fylkeskommunale takstar og stoppmönster for fylkesinterne reiser.

Det er i 2015 inngått ei avtale med alle kommersielle ruter om kostnadskompensasjon for at dei nyttar fylkeskommunale takstar og stoppmönster på lokale reiser i fylket.

Høyringar

Møre og Romsdal

Er positive til omlegginga men ynskjer ikkje at ruta skal vere open for lokaltrafikk i Møre og Romsdal.

Oppland

Er positive til omlegginga, men er skeptisk til endra rutetider og korrespondansetidspunkt. Presiserer kor viktig det er med desse korrespondansane for å få eit heilskapleg rutesystem, der langruta og lokale ruter langs vegen tilfører kvarandre auka verdi.

Oslo

Er positive til søknaden, men presiserer kvar traseen for fylkeskryssande bussar er, samt at dei legg til grunn at Nettbuss Ekspress inngår ei avtale med AKT om bruk av Oslo Bussterminal.

Yrkestransportlova/yrkestransportforskrifta

Frå 01.04.2006 er det fylkeskommunane som gjer vedtak om ruteløyve for fylkeskryssande ruter. Tidlegare var det samferdselsdepartementet som gjorde vedtak om ruteløyve for fylkeskryssande ruter.

I høve yrkestransportforskrifta § 3 første ledd, er det den fylkeskommunen kor løyvesøkjar har si forretningsadresse som er løyvestyresmakt.

Eventuelle klager på løyvedektak skal gå til samferdselsdepartementet.

I § 28 Ruteplan står mellom anna dette:

Ruteplan skal være godkjent av løyvemyndigheten. Forslag om endring av ruteplan sendes løyvemyndigheten senest 4 måneder før endringen skal tre i kraft.

I § 33 Nedleggelse av rutedrift står mellom anna dette:

Vil en løyvehaver nedlegge driften av en eller flere ruter helt eller delvis må løyvemyndigheten gis 2 måneders skriftlig varsel. Løyvehaver kan ikke innstille driften av noen ruter på kortere varsel uten løyvemyndighetens samtykke.

Administrasjonen fekk brev frå Nettbuss Ekspress 20.08.2015.

Det er Nettbuss Ekspress avd. Stryn som skal administrere Nordfjordekspressen og Møre-ekspressen. Difor er det Sogn og Fjordane fylkeskommune som handsamar denne søknaden.

Vilkår

Utover dei generelle vilkåra om god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse fastsett i yrkestransportforskrifta § 4, kan løyvestyresmakta med heimel i § 5 sette nærmare vilkår for løyvet.

Kravet i rundskriv N-2/2006 om tilgjenge på ekspressbussar i form av at materiell skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne, eller at det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov må kome fram som eit eige vilkår ved løyvetildelinga.

Det bør også vere eitt vilkår ved løyvetildelinga at turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyve skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll, jamfør bestemminga om kontrolldokument i yrkestransportforskrifta § 13.

Dersom fylkeskommunen på eit seinare tidspunkt finn det nødvendig med fleire vilkår eller at det er trong for å endre nokon av vilkåra vedteke i denne saka, kan dette gjerast med heimel i yrkestransportforskrifta § 5.

4. Vurderingar og konsekvensar

Mange fylkeskryssande ruter opplever sviktande passasjerinntekter. For kommersielle aktørar er det viktig med overskot om rutene skal ha noko framtid. Det vert difor lagt opp til at kommersielle aktørar får stor fridom til å utvikle rutene sine slik dei sjølv meiner er best.

Møre-ekspressen og Nordfjordekspressen har felles rutetrasé på over halve rutestrekninga. Sidan inntektsgrunnlaget for kvar av rutene er svakt, er det naturleg å søke samordning av desse rutene.

Møre-ekspressen får ein ekstra avgang på dagtid, men denne får overgang i Stryn til Nordfjordekspressen.

Nordfjordekspressen misser ein avgang på dagtid og alle rutene vert lagde om i forhold til klokkeslett. Fleire lokalrutefunksjonar i Nordfjord vert ståande uløyste.

Sidan Nettbuss Ekspress ønskjer i same søknaden om fornying og endring av dei ulike ruteløyva med ulik gyldigheit, vert desse handsama under eitt og nye løyve med 10 års gyldigheit frå 01.01.2016 vert skrivne ut.

Når det gjeld tapskompensasjonsordninga i samband med HS-sak 11/14, endrar føresetnadane for denne seg sidan avgangane den er knytt til, vert endra vesentleg. Fylkesdirektøren har ikkje høve til å vidareføre ordninga med tapskompensasjon.

5. Konklusjon

Fylkesdirektøren har forståing for at Nettbuss Ekspress ønskjer å gjere endringar i rutetilbodet for å tilpasse seg marknaden.

Nettbuss Ekspress får nytt ruteløyve for persontransport på strekninga Måløy – Oslo og på strekninga Hareid – Oslo. Løyva gjeld i 10 år frå 01.01.2016 til 01.01.2026.

Krav om god vandel, tilfredsstillande økonomiske evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldane regelverk.

Forslag til ruteplan i søknad av 20.08.2015 vert lagt til grunn. Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Materiellet på ruta skal tilpassast personar med nedsett funksjonsevne eller det skal gjevast eit serviceopplegg som tek omsyn til denne gruppa sine behov, jf. rundskriv N-2/2006.

Det skal ikkje utførast lokal persontransport i Møre og Romsdal.

Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.

Løyvehavar skal kun bruke hovudvegnettet i Oslo og ikkje sentrumsgatene.

Løyvehavar må inngå avtale med Akershus Kollektiv Terminaler om bruk av bussterminalen.

Ordninga med tapskompensasjon på Nordfjordekspressen, som vart gjeve i samband med HS-sak 11/14, fell bort.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑